

HELG OG HEIM

KYRKJELYDSBLAD FOR FØRDE, NAUSTDAL, HOLSEN OG HAUKEDALEN SOKN

NR. 3 OKTOBER 2025 83. ÅRGANG





DEN NORSKE KYRKJA
Sunnfjord kyrkjelege fellesråd

FØRDE KYRKJEKONTOR

Kyrkjevegen 23F, 6809 Førde
Tlf.: 57 82 81 80

www.kyrkja.no/sunnfjord
sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

OPNINGSTID:

Måndag – fredag kl. 09 – 14.30

Prost: Knut Magne Nesse

Sokneprest: Ingvald Andersen Frøyen

Prest: Carsten Langeland

Diakon: Anita Øvreås Rusken

Driftsleiar: Ingvar Vagstad

Kyrkjeselekretær: Joy Taylor og Toril Øye

Økonomileiar: Trond Herløvsund

Kantor: Gro Gunnarson

Kateket: Heidi V. Styve

Kyrkjeverje: Sissel Vartdal

Kyrkjelydspedagog: Ute Lindner og

Gry Sætre

Prosjektleiar: Johanne Thingnes Leira

NAUSTDAL KYRKJEKONTOR

Bervellene 34,

Postadr.: Pb 90, 6806 6817 Naustdal

Tlf.: 57 82 81 80

sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

OPNINGSTID:

Onsdagar kl 9-15.

Ta kontakt for anna avtaletidspunkt.

Sokneprest: Rigmor Frøyen

Kyrkjegardsarbeidar: Stig Ove Halbrend

Kyrkjeselekretær: Sigrun Solheim Savland

Kantor: Erlend Os

Kyrkjelydspedagog: Silje Sørebo

FØRDE KYRKJE

Kyrkjegardsarbeidar: Terje Sæle

HOLSEN KYRKJE

Kyrkjetenar: Eline Styve

Reinhald: Jorunn Holsen

HAUKEDALEN KYRKJE

Kyrkjetenar: Bodil Øvsthus Frøysland

NAUSTDAL KYRKJE

Klokkar/kyrkjetenar: Sigrun S. Savland

VEVRING KYRKJE

Klokkar/kyrkjetenar:

Mette-Elin Standal Sæther

FØRDE KYRKJETUN

Dagleg leiar: Ann Berit Steiro.

Nytt frå redaksjonen

Dette nummeret kjem i postkassa like etter valdagen. Etter ei tid då debattar og kommentarfelt ikkje har vore lystelege.

I august blei det ringt med kyrkjeklokker i heile landet for situasjonen i Gaza. Straks kom kommentarar om at kyrkja er einsidig, støttar terroristar og gløymer dei israelske gislane og deira familiar. Les i bladet korleis markeringa vart gjort her!

På gudstenestene blir det bedt for verda, for leiarar, for dei som opplever krig og konflikt, og for lokalsamfunnet. Ein kvar kan be for det som ligg ein på hjarte, tenne lys eller legge bønelapp i bønekrukka bak i kyrkja. Ingen spør om synspunkt eller politisk retning.

Sokneprest Ingvald Frøyen skriv om ordet «sanning» på side 3 i bladet. Korleis blir dette ordet brukt og oppfatta? Vi som lagar til bladet prøver å synleggjere kva som skjer i kyrkja. I dette nummeret blir det fleire tilbakeblikk på ulike gudstenester og hendingar i sommar. Ein ting er kva vi klarer å få med i bladet, det beste er å møte opp sjølv og få med både ord, musikk og fellesskap. Bli med på det som skjer i haust, då kan du gjere deg opp ein meining om kva kyrkja står for!

God haust!

HELG OG HEIM

Ansvarleg utgjevar av **Helg og Heim** er sokneråda i Førde, Naustdal og Holsen og Haukedalen. Bladet går til alle husstandar i tidlegare Førde og Naustdal kommunar.

Redaksjon:

Jenny Snildal, Annbjørg E. Hesselberg og Hanne Schnitler

Stoff og bilete kan sendast til:

- hanne.schnitler@eninvest.net
- jenny.snildal@gmail.com
- annbjorg.hesselberg@gmail.com

Grafisk utforming:

Firda Tidend Grafisk, Sandane

Trykk:

ETN Grafisk

Skal du flytte?

Du kan abonnere på Helg og Heim.

Kontakt Joy Taylor på Førde kyrkjekontor

Frivillig bladkontingent
Kr. 350,-

Bankkonto:

3705.15.33896

Merk innbetaling med «Helg og Heim».

VIPPS:

Vippsnr. **591 431**

«Helg og Heim kyrkjelydsblad»



Utgjevsplan for 2025

Nr. 4. Stofffrist:

Onsdag 29. oktober

I posten veke 48

(Det kan komme endringar.)



Framsdebilde: Stølsmess på Nydalstølen vart avslutta med Tor-Arild Nydal Holsen som spelar lur. Foto: Hanne Schnitler



TIL ETTERTANKE

INGVALD ANDERSEN FRØYEN,
Sokneprest

Den heile og fulle sanninga om ...!

Når eg ser denne overskrifta i ei avis eller på ei nettside, så veit eg at her kjem det truleg ubehagelege sanningar om noko eller nokon. Sanningar som har vore skjulte og som ikkje toler å bli trekt fram i lyset.

Alle som har noko å skjule er livredde for at den heile og fulle sanninga skal kome fram. Ein som har hatt seg eit sidesprang er livredd for at ektefellen skal oppdage det. Ein idrettsutøvar som har teke snarvegar for å bli sterkare og betre, fryktar dopingprøva. Ein samfunnstopp eller politiskar som har utnytta sin posisjon til eiga vinning fryktar

gravejournalistar. Eit vanleg menneske, som deg og meg, som veit at bak fasaden vi held er det mange ting vi helst ikkje vil at andre skal kjenne til. Også vi fryktar at om sanninga om «meg» kjem fram, så vil eg ikkje lengre vere så likande.

I vår daglege språkbruk har ordet SANNING på denne måten etter kvart blitt eit ord som kan verke trugande og farleg. Vi seier at vi ynskjer sanninga, men samstundes er sanninga noko vi fryktar for vår eiga del.

Jesus snur denne førestillinga heilt på hovudet og seier: «Sanninga skal gjera dykk frie».

Den sanninga som frigjer er den sanninga som avslører det fordekte og bundne, ikkje for å trykkje ned eller knuse. Ikkje for å seie: «Kva var det vi sa!», - men for å setje fri. Å leve med vonde løyndomar er som å leve med ein indre sjukdom. Alltid er ein redd for at nokon skal avsløre sanninga. Difor seier Jesus til oss alle: Gud kjenner allereie den heile og fulle sanninga om deg og meg, og likevel vil han ha med oss å gjere. Å vite at ein er elska på tross av alle svik og nederlag, det er fridom.

Kristen fridom er difor nært knytt til det å leve i sanninga, og sanninga er ikkje ein læresetning, men personen Jesus.

I trua på Jesus tør eg vere ærleg om meg sjølv. Eg veit at ingenting er skjult for han. Å leve i det lyset avslører meg og samstundes set det meg fri. Difor skal vi som kristne sleppe å late som vi er ein annan enn den vi er, for Gud kjenner allereie sanninga om oss lenge før vi sjølv har sett ord på det.

Så er ikkje ordet sanning lenger eit trugande og farleg ord, men eit ord som set fri og gir oss rom til å leve ope og ærleg med Gud og med kvarandre. Vi vert sette fri til å leve som verkeleg frie menneske. I sanning i all vår ferd.

«Får Sonen gjort dykk frie, blir de verkeleg frie».
(Johannes evangeliet kapitel 8 vers 36)



Førde kyrkjetun

har lokale som høver dei fleste arrangement:

- Selskap, konfirmasjon, barnedåp og bryllaup
- Barneselskap og årsmølsdagar
- Minnesamvær
- Årsmøte, kurs/konferansar osv.

Ta kontakt for bestilling eller tilbod:

Tlf. 99 15 13 07 eller ann.berit.steiro@sunnfjordkyrkja.no



Lokale til leige på Naustdal kyrkjelydshus

Har du ein dag som skal feirast? Fyller du rundt år, eller er det barnedåp eller konfirmasjon i familien?

Kyrkjelydshuset i Naustdal har fleire lokale til leige.

Vi leiger også ut til ulike organisasjonar, m.a. til årsmøte.

Kontakttelefon 99 27 99 55.

E-post: kyrkjelydshusetnaustdal@gmail.com

Krematorium til Sunnfjord?

Lesarar av Helg og Heim kan ha sett denne overskrifta i Firda, eller høyrte omtale av dette i media. Skal det verkeleg byggjast krematorium i Sunnfjord? Kven har i tilfelle ansvar for det? Og, er det behov for eit krematorium i vår region? I denne artikkelen skal vi freiste å gje nokre svar på dette.

Tekst: SISSEL VARTDAL,
kyrkjeverje i Sunnfjord

Livssynsnøytralt seremonirom

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd er lokal gravplassmynde i kommunen vår. Det betyr at det er fellesrådet v/kyrkjeverja som forvaltar gravplassane og syter for at alle får ein gravstad. Gravplassforvaltninga er slik sett livssynsnøytral; innbyggjarane har like rettar til ei grav uavhengig av medlemsskap i Den norske kyrkja. Dødsraten vil stige dei neste tiåra, når det mykje omtalte eldrebølga slår inn. I Førde er dette merkbart ved at talet på gravferder stig år for år. I takt med dette er og gravferdsskikkane i endring, ikkje alle vel ei kyrkjeleg gravferd. Fellesrådet har difor over fleire år løfta behovet for å etablere eit livssynsnøytralt seremonirom, for dei som ønskjer eit alternativ til kyrkjerommet som ramme for avskjed med sine nære og kjære.

Auke i kremasjonsprosent

Mange fleire enn før vel kremasjon, også her i Sunnfjord. I 2023 utgjorde kremasjon ca. 20% av alle gravferder i kommunen. Framskrivingar viser at kremasjonsprosenten i Noreg vil ligge på rundt 50 % allereie i år. Og den vil stige enda brattare etter det. Om SSB sine framskrivingar slår til vil kremasjonsprosenten i 2060 vere på mellom 80 og 85% – som betyr at nær 50 000 vil ønskje kremasjon årleg. I dag er kapasiteten 28 000 på landsbasis. Situasjonen i Vestland er slik at folk i nord-fylket kan velje kremasjon i Ålesund, medan folk i sør-fylket vel Bergen. Dette vil likevel ikkje vere tilstrekkeleg når ein ser framover. Eit krematorium i Sunnfjord vil kunne



Det er langt opp og fram, men eit krematorium vil vere eit signalbygg i området - og gjenstand for ei arkitektkonkurranse. Slik ser eit av dei nyaste krematoria i landet ut: Ålesund krematorium (2011)

tilby kremasjon for heile Sogn og Fjordane. Fellesrådet har difor oppmoda Sunnfjord kommune om å vurdere etablering av krematorium i Førde. Med folks endra haldning til kremasjon, auke i gravferder framover og eit aukande medvit om å ikkje ta i bruk meir naturareal enn naudsynt, meiner fellesrådet at planane om krematorium bør intensiverast.

Kven tek rekninga

Krematorium og livssynsnøytralt seremonirom er no omtalt i kommunens planar, men ikkje prioritert i denne perioden. Det ligg altså ikkje økonomi i dette frå kommunen si side enda, men omtale av saka er ein god start. Det er heller ikkje gitt at kommunen skal bere kostnaden, det pågår eit statleg utgreiingsarbeid om framtidig finansiering av krematoriebygging. Kommunen har eit ansvar for at det er nok

gravplassareal, men dei har ikkje p.t. eit lovpålagt ansvar for å bygge krematorium. Kven som skal ta rekninga er difor uklart. Tidlegare trus- og livssynsminister Kjersti Toppe var klar over kapasitetsutfordringa for krematoria. Med bakgrunn i den ferske rapporten «Samfunnets behov for krematorier og kjølerom» - ein rapport utarbeidd av Hovudorganisasjonen KA på bestilling frå Barne- og familiedepartementet, blir det no sett i gang eit lovarbeid som kan avklare ansvar og kostnader for framtidig krematoriebygging.

Krematorium

– noko folk vil ha?

Framskrivingane til SSB syner ein trend, som og vil gjere seg gjeldande i Sunnfjord. Fellesrådet ønskjer likevel å utarbeide eit kunnskapsgrunnlag med desse spørsmåla: kva er det konkrete behovet i vår region,



Nytt flygel i Førde kyrkje

Det har lenge vore eit ynskje om eit flygel i Førde kyrkje.

HANNE BILDØY,
soknerådsleiar i Førde.

Soknerådet har sett ned ei arbeidsgruppe som skal jobbe fram eit forslag til innkjøp, innhente pris og sjå på plassering av flygelet i kyrkja. Eit flygel er ganske stort i omkrets, så vi må sjå om, og kor det er plass i kyrkjerommet. Det skal ikkje

vere i vegen for andre arrangement. Eit flygel skal heller ikkje flyttast mykje på, då det går ut over strengene.

Eit anna moment når vi skal skaffe eit flygel er kostnaden. Klarer vi å finansiere dette sjølv? Kva kostar det egentleg? Arbeidsgruppa har henta eit tilbod på eit flygel til ca. 500 000. Førde kyrkjekor har samla inn ein del midlar allereie, då kollekten på konsertane dei har hatt i Førde kyrkje dei siste åra, har vore til nytt flygel. Dei har med det bidratt til 100 000 i innsamla

midlar. Då manglar vi ca. 400 000 for å nå målet.

Korleis skal vi få inn desse midlane?

- Ved hjelp av deg som kyrkjegjengar
- Gode, kreative forslag tas imot med takk
- Sponsormidlar
- Konsertarrangørar, gravferdsbyrå

Dette blir eit instrument som kan nyttast til konsertar, gravferder, m.m., så dette er eit instrument og ei investering heile Førde vil ha glede av.

Gjevarteneste og skattefrådrag

Førde kyrkje ynskjer å vere ei levande kyrkje midt i byen vår. For å drive eit godt og variert arbeid for dei fleste aldersgrupper, treng kyrkjelyden inntekter.

Fastgjevaravtale

Og ved å teikne fastgjevaravtale, hjelper du oss å planleggje og drive kontinuerleg arbeid i kyrkja.

Førde sokn har no ein splitter ny «nettbutikk». Her er det mogleg å støtte enten kyrkjelydsarbeidet i Førde generelt eller Prosjekt Kraft. Du vel sjølv kor mykje du vil gje kvar månad og kan bestille avtalegiro. Lenkja finn du på kyrkja.no/forde, eller ved å skanne bilete nedanfor



«Tru i sofaen», eit arrangement for unge vaksne.

med telefonen din. Ved å skanne dette bilete med telefonen din kjem du til nettbutikken vår. Tusen takk for alle bidrag!

Skattefrådrag

Hugs å krysse av for skattefrådrag om du ønskjer at vi skal rapportere gáva til skatteetaten. I 2025 får du skattefrådrag på 22 % for gáver gitt gjennom året med ei samla verdi frå 500,- til 25.000,-. Det betyr at du kan få inntil 5.500,- i frådrag ferdig utfylt i skattemeldinga di.

Du kan også gje ein eingongssum på Vipps

til #93395 Førde kyrkje/sokn-offer&gáve. Viss du gjev minst 500 kroner til saman i løpet av skatteåret og samtykker til det i Vipps, vil gáva bli meldt til Skatteetaten. Dette gjeld også kyrkjeoffer viss du samtykker til skattefrådrag.

For tida er det berre Førde sokn som har denne ordninga. Men alle som gir minst kr. 500 til kyrkjelydsarbeidet kan ta kontakt med kyrkjekontoret og be oss om å rapportere gáva til Skatteetaten.

JOY TAYLOR, kyrkjeseekretær

kva vil det koste å byggje og drifte eit krematorium, og kor stor kremasjonsprosent må vi ha for at dette skal vere lønnsamt. Fellestrådet ønskjer vidare at dei omkringliggjande fellestråda kan arbeide opp mot sine kommunar, først og fremst med omtale og medvit om saka. Om dette skal realiserast, må det bli eit felles prosjekt for heile regionen. Målet må vere å realisere prosjektet med ein tidshorisont på 10 år.

Samfunnsoppdraget

Kyrkje og kommune har eit felles samfunnsoppdrag: Å møte folks behov med relevante og gode tenester. Livssynsøytralt seremonirom i kombinasjon med krematorium er midt i kjernen av dette, og om ikkje dette er eit folkekrav i dag, vil det vere i tråd med folks ønskjer.

Markerte fredsjubileet med teiknin

I mai vart Førde kyrkje pynta med mange flotte teikningar og figurar. Fredsjubileet skulle markerast.

Tekst og foto: HANNE SCHNITLER

Kvifor skal vi minnst det som hende for 80 år sidan? Blir vi aldri ferdige med 2. verdskrigen? Vi kan ikkje ta fred for gitt, og born og unge må lære om historia til vårt eige land. Krig i Ukraina, svoltkatastrofe i Gaza, uro og konflikhtar i mange land minner oss på kor sårbare vi er.

Fredsduer i kyrkja

Prest Carsten Langeland i Førde kyrkje har god kontakt med Veteranforeininga, og dei tok initiativ til ulike markeringar av fredsjubileet. Han deltok med appell i markeringa på Festplassen, og i samar-

beid med Sunnfjord kommune inviterte han barnehagar og skuleklasser i Førde til å pynte kyrkja med ulike fredssymbol for å markere jubileet. Og kyrkja blei fylt med freds-

duer, norske flagg, tekstar og teikningar. Her var skapargleda stor!

Som tidlegare feltprest i Afghanistan har Carsten Langeland ein bakgrunn som

gir han eit særskild engasjement for å lage til ei fredsmarkering. For han var det viktig at borna får høyre og gjere noko for å markere fridomen vår, og vere aktivt med å feire jubileet.

Nokre av dei som teikna duer og flagg har kanskje høyrte historier i sine eigne familiar om kva som hende under krigen. Besteforeldre eller oldeforeldre kan ha fortalt om hendingar som har gjort at historia kjennest nær. Mange familiar har ei historie frå krigen, eller har nokon nære som har vore i teneste i konflikhtar i Midt-Austen, Afghanistan eller andre stader. Kanskje kan desse historiene gjere oss betre i stand til å forstå kva dagens krigsoffer går gjennom?

Fredskonsert

Fredsjubileet vart avslutta med ein fredskonsert i Før-



gar og fredsduer



de kyrkje, leia av kantor Gro Gunnarson, der Korskulen og Førde Musikklag deltok. Dei fine teikningane og freds-

duene fekk pryde kyrkja under konserten, og var til glede for alle som kom til kyrkja i mai.

Open kyrkje for situasjonen i Gaza

Torsdag 7. august kl. 15.00 ringte klokkene i kyrkjene i Førde, Naustdal og Holsen, saman med kyrkjer i heile landet.

Tekst og foto: HANNE SCHNITLER

Helg og Heim møtte opp i Førde kyrkje. Der var det lagt til rette for ein time med innleiing, stille bøn og lystenning for den humanitære katastrofa i Gaza. Sokneprest Ingvald Frøyen var liturg og leia bønna for alle som lir under konflikten: Borna som mistar delar av barndomen, dei som svelt, alle



Kyrjeklokka i Naustdal ringte for situasjonen på Gaza.

som kjenner redsle for krigshandlingar, gislane som framleis sit i fangenskap i mørke tunellar, og alle som er merkte av kriggen. Frøyen oppfordra oss om å halde fram med å be i tida framover, kvar bøn kan bety ein forskjell.

Før og etter bønna ringte kyrjeklokkene i 5 minutt.

Markeringa var initiert av biskopane, og mange kyrkjer følgde oppfordringa. Det blei ringt frå over 100 kyrkjer i Noreg, alle domkyrkjene, kyrkjer i dei andre nordiske landa, og fleire kyrkjer i Midtausten. I dei fleste kyrkjene var det open kyrkje med lystenning og bøn, men i nokre kyrkjer var det berre klokkeringing, som i Holsen.

Det har vore retta kritikk mot at markeringa kunne oppfattast som ei einseitig støtte til den eine parten i konflikten. Frøyen påpeika at vi må be for alle som lir og som kjenner på håplose; be om fred, be om forsoning. Kyrkja i Naustdal la ut denne meldinga i forkant av markeringa: «Opa kyrkje torsdag 7. august. Klokkeringing og bøn om fred! Ei klagebøn for alle som lid på Gaza, vi vil også hugse på gislane som lid og familiane deira. Det er mange som lid! Lat oss ha det i tankane og ikkje la denne markeringa verte til ufred blant oss!»

Eit samla Bispemøte har uttalt om situasjonen i Gaza: «Alle mennesker er skapt i Guds bilde, og har den samme ukrenkelige verdi. Derfor kan vi ikke være tause når mennesker fratas sin menneskelighet».

Song-gudsteneste samla song-glade seniorar



«Skal det vere stor eller lita skrift?» spør augelege og kyrkjevert Harald Sørheim.

«Song er helsefremjande! Vi syng ilag i kyrkja, nyt kaffi og gode kaker på kyrkjelydshuset. Eit godt samarbeid mellom kyrkja, pensjonistlag og frivilligsentral. Alle tiders dag! Ta med ein ven eller to!» Slik stod det i invitasjonen.

Tekst og foto:

ANNBjørG EIKSUND HESSELBERG

Den nye rullestol-tilgangen til Naustdalskyrkja kom til sin rett denne dagen. Universell utforming av tilgangen til kyrkja er endeleg på plass. Ei slik gudsteneste med litt ekstra rom for vårsongane våre er ei god oppleving som mange set tydeleg pris på. Songgudstenesta samla om lag 120 deltakarar.

På ein heilt vanleg torsdag tidleg i juni inviterte kyrkjelyden i Naustdal til den årvisse

glad-songen i kyrkja. Gudstenesta var ramma, men med ekstra plass for å lytte og take del i kjære songskattar. Medverkande var Førde seniorkor, dirigert av Karl Erik Nuven, Gunnar Hage med «Norge mitt Norge» på munnspele, organist Erlend Os – og sjølv sagt sokneprest Rigmor Frøyen, som fletta det heile godt saman.

Som lova vanka det kyrkjekaffi på kyrkjelydshuset etterpå- og der var det bruk for begge salane.



Gående og «køyrande» kom dei.



Førde seniorkor har mange songarar.



«Det kunne godt ha vart ein time til», mein



te pensjonistane Magni og Aud.



God stemning i stova på Nydalstølen.

Søndag på Nydalstølen

Det hadde regna i fleire dagar, elvane gjekk flaumstore, og då Gunn Heimestøl vakna og hørde vinden ruske, tenkte ho at ingen ville ta turen til Nydalstølen.

Tekst og foto: HANNE SCHNITLER

Ho og soknerådet hadde laga klart til stølsmesse på stølen som ligg langt og bratt innover dalen på sørsida av Holsavatnet. 29 personar fann vegen og fekk plass i stova! Det har visst aldri vore så mange innom veggene på ein gong, meinte Laila Nydal som ynskte velkommen.

Anita Rusken heldt preike, Eline Styve var klokkar, og



Regn var inga hindring for ein prat utandørs.

salmane vart sunge til trompetspel av Ottar Rusken. Teksten var kjent: «Kvifor ser du flisa i auge til bror din, men bjelken i ditt eige auge merkar du ikkje?», Jesu formanande ord i Slettepreika. Når vi ser korleis mange omtalar andre i

ulike ordskefte t.d., treng vi ei slik formaning.

«Ta med mat», meldte Helg og Heim. Og mat vart det nok av! Men før vi fekk smake på baksten, fekk Tor-Arild Nydal Holsen ordet og fortalde om stølen og stølsdrifta.

Det blir ein eigen stemning når ein sit tett saman i ei lita stove. God prat og mykje humor prega dagen. Gunn utfordra fleire til å vere med på «Kims Leik», og nokre spontane oppgåver og historier fekk vi og. Spele på lur kunne vi og prøve oss på, med vekslende hell. Ein god luring var Tor-Arild som spelte oss ut av stølsgrinda.



Tor-Arild Nydal Holsen fortalte om stølsdrifta og viste til Historielaget si bok «Stølane i Førde».

Ungdomspresten tok avskil i friluft

Det var fleire gode grunnar til å ta turen til Vonavatnet i Naustdal søndag 15.juni – noko mange brukte denne søndagen, Skaperverkets dag, til.

Tekst og foto:

ANNBJØRG EKSUND HESSELBERG

Trass i nokre regndropar og nærgående knott, kosa folket seg. Eit dåpsfølge med røter på Vona lufta bunadane sine, det same gjorde fleire i Naustedalen spelemannslag. Solisten Norene Grytten Kjøsnes song om barnetru under dåpen, og

fleire hadde lyst til å nynne med. Oddmund Frøysland leia salmesongen på trekkspel, og prestane Rigmor Frøyen og Fredrik Bråttvik leia gudstjenesta. Når det så var både kyrkjekaffi og ekstranummer frå spelemannslaget, hadde ikkje folk det travelt med å komme seg heim.

Dette var eit fint høve til å takke Fredrik Bråttvik og familien for dei tre åra dei har vore i Sunnfjord. Mange konfirmantar – og ellers folk i alle årgangar – har lært å setje pris på friske Fredrik, så det var med glimt i auga soknerådsleiar Veronica Standal gav han eit par høveleg tunge manualar saman med gode ord. – Vi skulle nok gjerne hatt den unge familien her lenger, men forstår at dei som nybakte tvillingforeldre treng å komme nærare slekta. Alle gode ynskje på vegen vidare, med velsigning over livet og tenesta!



Fredrik og Ine Bråttvik med Elliot og Lilja.



Prestane Fredrik Bråttvik og Rigmor Frøyen gjorde teneste.



Naustedalen spelemannslag og solist Norene Grytten Kjøsnes.

FARSUND FLIS
flis for alle

Kvalitet - Kompetanse -
God service

Nytt, stort lokale
på Sanderplassen 10 i Førde.

Kom gjerne innom og
sjå vårt store utval.



arnes
frisørhjørne

Timebestilling
Drop-in

Tlf. 57 82 62 35
Langebruvegen 19
6800 Førde

RIKKEN

Langebruv. 26 (v/Domus)
Førde
Tlf. 472 56 398
eller 578 21 340

KUNSTNARMATERIELL
INNRAMMING
BILDE



Velkommen til oss!

Elvevegen 1, Førde
(ved Kunstmuseet)

Alle dagar
utanom torsdag 11-15
Torsdag 11-17

Tlf. 404 33 220

MILJØ MØTEPlass MISJON

ALT I ● SPORTSKLEDE
● SPORTSUTSTYR
● BARNEUTSTYR

Erdal Sport
INTERSPORT
Førde

Blomsterfryd

Elvetorget, Førde
Tlf. 57 82 17 05
blomsterfryd.forde@interflora.no

Reiakvam

- Din fotograf i Førde sidan 1946
57 82 19 77 / foto@reakvam.no
reakvam.no

Gode tilbud på flis, beleggingsstein, ferdigplen, støttemur, kvit singel. Vi kan flislegging!

Boligkompaniet
www.boligkompaniet.com
tlf. 906 19 654



WIKING Mini 2
Vi leverer og monterer

ATLE
NAUSTDAL
Naustdalsvegen 5, Førde
Tlf. 57 82 13 76
VARMEFAG

Naustdal
Dampbakeri

KVALITET
GJENNOM
GENERASJONAR

57 72 41 40
dampbakeriet.no



Finn din nye bustad hos oss!

Moderne og lettstelte leilegheiter.
Kom gjerne innom oss for ein prat, Halbrendssøyra 2 i Førde.
www.gravdal.no - tlf. 47 87 40 00

HELLVIK HUS

Gravdalgruppa



MALER RUNE
SKILBREI
MALING · TAPET · GOLVBELEGG · FLISER

Følg oss!

fb.me/malerskilbrei
skilbreibutikken

Skal du bygge heilt nytt, eller fornye litt?
Vi har utvalet! **Velkommen innom Skilbreibutikken i Naustdal!**

Gravminne
finn du hos oss



FAGMILJØ

Firdavegen 20, 6800 Førde, tlf. 57 72 10 60



NORDIC ATMOSPHERE

Drømmer du om et
NYTT KJØKKEN?

Hos HTH i Førde vet vi at kjøkkenet er husets hjerte, hvor familie og venner samles til god mat og hyggestunder. Den gode maten og det hyggelige selskapet står du for, mens vi hjelper med å designe det.



HTH Sunnfjord Kjøkkenforum AS
Naustdalsvegen 5
6800 Førde, tlf. 57 82 66 10
e-post: info@forde.hth.no



Fra inspirasjon til installasjon
– vi hjelper deg hele veien!

ILDSTEDET

er en faghandel med lang erfaring innen varme. Vi gir deg profesjonell veiledning om valg av peisovn, riktig plassering og pipe.

Naustdalsv. 5, 6800 Førde
Tlf. 966 10 100
post@ildstedet-sunnfjord.no




EXTRA

NAUSTDAL



NAUSTDAL



Trusopplæring

For meir informasjon sjå www.kyrkja.no/sunnfjord, eller last ned appene **MinMenighetsportal** og **I kirken**. Følg og med på facebooksidene til Førde kyrkje og Naustdal kyrkje. Aktivitetane og tiltaka våre er opne for alle, ein treng ikkje vere medlem av Den norske kyrkje for å delta.

STØRST AV ALT

Trusopplæring i Førde sokn:

0 – 1 år:

Spiren/Babysong

Kvar onsdag kl. 11.00 i 2. etg. på Førde Kyrkjetun. For barn 0 - 1 år, men eldre barn kan også delta. Ta med matpakke! Vi serverer te/kaffi.

1 – 3 år: **Krøllesamling**

Onsdag kl. 17.30 på Førde Kyrkjetun: Samling med song, formidling og litt lek i etterkant.

Krølle startar opp 10. september.

5 – 6 år: **Hallo Venn**

(ope arrangement)
Vi har samling for heile familien med aktivitetar og sal av mat. Dei som vil kan ha på seg kostyme.

1. november kl. 16:00 på Førde Kyrkjetun.

10 – 12 år: **Ope hus**

Klubbkveld med lek, konkurransar og enkel kiosk kl. 18:00 – 19:30 på Førde kyrkjetun.

Datoar for hausten: 26. september, 24. oktober, 21. november



11 år: **Lys Vaken**

Vi overnattar i kyrkja frå laurdag kl. 16:00 til søndag, og blir med på familiegudstenesta søndag kl. 11:00. Det blir spennande aktivitetar og gjestar som kjem innom.

29. – 30. november.

Påmelding på nettside: <https://minkirkeside.no/> Sunnfjord.

Trusopplæring i Naustdal og Vevring



Babysong

Annankvar onsdag kl. 11.30 til 12.30 på Naustdal kyrkjelydshus.

Naustdal barnekor

Kvar onsdag frå 13.15-13.50 på Kyrkjelydshuset. Barnekor for 2. klasse og oppover. Ved Silje Sørebo og Erlend Os.

28. oktober har Barnekoret konsert med Lisa Børud i Førdehuset.

Konfirmant-samlingar:

Kontakt kyrkjekontoret for info.

Samling for

4-åringar

Tysdag 23. september kl. 16.30 på kyrkjelydshuset. Det blir middag, song, lek, forteljing og formingsaktivitet.

Søndag 28. september kl. 11.00 er det familiegudsteneste med utdeling av 4-årsbok.

Etter skuletid

Mandag 13. oktober: Samling for 6 åringar på kyrkjelydshuset.

Søndag 19. oktober kl. 14.00 blir det familiegudsteneste i Naustdal kyrkje med utdeling av bok til 6-åringane.

Onsdag 5. og 12. november: Samling for 10-åringar på kyrkjelydshuset.

TRENG DU
NOKON Å FORTELJE
DET TIL?



22 40 00 40



FØRDE
GJESTEHUS
OG CAMPING

www.fordecamping.com ☎ 468 06 000 • Kronborgvegen 44



- møblar
- belysning
- gardiner
- utemøblar
- solskjerming

MARIAS HUS

nordisk design · interiør · møblar

Tlf. 478 39 411
Angedalsv. 4, Førde (Hukseth-huset)
post@maria-hus.no | [//mariahus.no](http://mariahus.no)



NORDISK KJØKKENDESIGN



Hafstadv. 34 (Bergegården)
6800 Førde - tlf. 913 11 837
ms@jke-forde.no

DET SKJER

10-kaffi på Førde kyrkjetun

Kvar onsdag frå kl. 10.00 kan du kjøpe deg kaffi og vaflar i ungdomslokalet på Førde kyrkjetun.

Førde kyrkjekor

Øving i Førde kyrkje **onsdagar kl. 19.00**. Vil du vere med? Kontakt dirigent Gro Gunnarson.

Naustdal kyrkjekor

Øving i Naustdal kyrkje **onsdagar kl. 17.45**. Vil du vere med? Kontakt dirigent Erlend Os.

Kraft hausten 2025:

Vi fortset med leiartrening med Followme, kunstgruppe og gospelkor på måndagar, gudstenester og bibelgruppe. Nytt i haust er ein **klubb for 10. klassingar** annankvar fredag, samt at bruktbutikken Galleri Normisjonen ynskjer Kraft velkomen til å vere i lokale ein gong i veka. Kontakt for Kraft sine tilbod: Johanne Thingnes Leira på sms til 45 88 65 47.

Tidebøn i Naustdal kyrkje

Velkomen til ei stille stund med lystenning, salmesong og veksellesing. Tidspunkt finn du i gudstenestelista.



Kyrkja i byen

Kvar torsdag frå kl. 13.30 – 15.30 er vi på «Storebrua» mellom handelshusa i Førde, klar til ein prat. Velkomen!

Strikketreff

Bli med å strikke tepper for «Ull og omtanke – Sunnfjord». Ta med matpakke, så et vi lunsj i lag. **Annankvar måndag kl. 11.00 – 14.00 på Førde kyrkjetun. 15. og 29. september, 13. oktober.**

Loppemarknad på Førde kyrkjetun

Laurdag 18. oktober kl. 10-14. Velkommen til loppemarknad med sal og kafé på Førde kyrkjetun.

Misjonssamling

Laurdag 20. september kl. 12.00 – 17.00 på Vassenden Kyrkjesenter
Tema: Silkevegen før og no - når aust møter vest. Fokus på Japan.

Hovudtalar er Haakon Kessel, leiar i NMS Global og tidlegare Japan-misjonær.

Nytt om Alværa kyrkje -og misjons-senter, førebuinga til generalforsamling på Flesland i 2026, gjenbruksbutikkane i Sogndal, Eid og Førde, og aktiviteten elles i dei ulike områda.

Middag med kaffi og kake kr. 300,-.

Påmelding innan 15. september til Stein Oltedal, tlf. 970 08 600

Arr.: Områdeutvalet i Sunnfjord NMS/utvala i Sogn og Nordfjord.



Loppemarknad

Laurdag 18. okt. kl. 10-14
Sal av lopper – kafé

Velkomen til ein hyggeleg marknadsdag med gjenbruk som motto!

Vi tek imot lopper fredag 17. okt. kl. 12-19. Vi ønskjer t.d. leiker, servise, gode barnekle, aktivitetsutstyr, el. artiklar, pynteting. **Ikkje** klede og sko til vaksne, ikkje lek-sikon.

FØRDE KYRKJETUN, TLF. 99 15 13 07

KONSERTAR

Laurdag 25. oktober
kl. 17.00 i Førde kyrkje

«MOZART REQUIEM»

Det er med stor glede Førde og Naustdal kyrkjekor arrangerer denne storslåtte konserten i Førde kyrkje!

Mozarts «REQUIEM», eit av våre vakre klassiske korverk, skal framførast av 80 koristar frå Sunnfjord, Sogn og Bergen! Solistar er Ann Kristin Takle Winterthun, Ellisif Gjestland, Kristian Havn og Leif Helge Birkeland. På orgelet sit Erlend Os og dirigent er Gro Gunnarson. Barnekoret i «Korskulen i Førde kyrkje» er med på konserten.

Billettar ved inngangen, eller hjå medlemmane i Førde kyrkjekor.

Laurdag 22. november
kl. 18.00 i Førde kyrkje

Konsert med Førde kammerkor

Tirsdag 25. november
kl. 21.00 i Førde kyrkje

Julekonsert Stille Natt

Inspirasjonsdag & Messedag for NMS Sunnfjord

Laurdag 8. november kl. 12.00- 17.00 på Førde kyrkjetun.

Kateket Heidi Voltersvik Styve og prosjektleiar for unge, Johanne Thingnes Leira kom inspirerte frå NMSU sin ungdomskonferanse **Followme** i juni og blir med på messedagen!

Open kafé med salt og søtt. Åresal, lykkehjul og sal av heimelaga varer.

Dagen skal inspirere til innsats for NMS og kyrkja sitt vidstrakte arbeid i heile verda. Vil du bidra med varer eller som frivillig? Ta kontakt med underteikna.

Vel møtt til inspirerende dag i november!

For messekomiteen: Rigmor Frøyen, tlf 489 57 436.

GUDSTENESTER

Vi startar denne hausten med redusert bemanning, og har difor noko redusert aktivitet, m.a. går kvardagsmessene i Førde kyrkje ut.

Det kan komme endringar. Følg med i Firda «Det skjer», www.kyrkja.no/sunnfjord, eller kontakt kyrkjekontora.

Velkommen til kyrkje!

SØNDAG 14. SEPTEMBER

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste

ONSDAG 17. SEPTEMBER

Naustdal kyrkje 11.00 Tidebøn

SØNDAG 21. SEPTEMBER

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Vevring kyrkje 11.00 Musikkandakt

SØNDAG 28. SEPTEMBER

Førde kyrkje 11.00 Familiegudsteneste
Naustdal kyrkje 11.00 Familiegudsteneste med utdeling av bok til 4-åringar
Haukedalen kyrkje 15.00 Mikkelmesse

ONSDAG 1. OKTOBER

Naustdal kyrkje 11.00 Tidebøn

SØNDAG 5. OKTOBER

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Naustdal kyrkje 11.00 Gudsteneste
Holsen kyrkje 15.00 Gudsteneste

ONSDAG 15. OKTOBER

Naustdal kyrkje 11.00 Tidebøn

SØNDAG 19. OKTOBER

Førde kyrkje 11.00 Familiegudsteneste
Vevring kyrkje 11.00 Gudsteneste
Naustdal kyrkje 14.00 Familiegudsteneste med utdeling av bok til 6-åringar
Haukedalen kyrkje 15.00 Gudsteneste
Førde kyrkjetun 19.00 Påfyllgudsteneste i storsalen. For dei frå 15 år og unge vaksne. Quiz og snacks etterpå!

SØNDAG 26. OKTOBER

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste

ONSDAG 29. OKTOBER

Naustdal kyrkje 11.00 Tidebøn

SØNDAG 2. NOVEMBER

Naustdal kyrkje 11.00 Minnegudsteneste
Førde kyrkje 15.00 Minnegudsteneste. Namn på dei det er halde gravferd/bisetjing for siste året vert lesne opp og lys vert tende. Det vert musikk i kyrkja i timen før minnegudstenesta.
Førde kyrkje 19.00 Gospelgudsteneste – ved Sunnfjord Folkehøgskule og Kraft. Erlend Os og skulekoret leiar oss i gospelsong. Alle er velkomne! Enkel kyrkjekaffi etterpå.

SØNDAG 9. NOVEMBER

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Holsen kyrkje 15.00 Gudsteneste

ONSDAG 12. NOVEMBER

Naustdal kyrkje 11.00 Tidebøn

LAURDAG 15. NOVEMBER

Førde kyrkje 11.00 Drop-in dåp

SØNDAG 16. NOVEMBER

Naustdal kyrkje 11.00 Familiegudsteneste utdeling av bibelbok til 10-åringar
Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Vevring kyrkje 14.00 Familiegudsteneste utdeling av bøker og materiell til barna. Konfirmanter er medhjelparar. Pølsemiddag og kyrkjekaffi.

SØNDAG 23. NOVEMBER

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Haukedalen kyrkje 15.00 Gudsteneste



Fin semesterstart i august med familiegudsteneste og grilling ved Førde kyrkjetun.

KYRKJESKYSS FØRDE KYRKJE

For informasjon kontakt kyrkjekontoret måndag-fredag tlf. 57 82 81 80, eller diakon Anita Øvreås Rusken tlf. 900 68 514.

Frivillig i kyrkja?

Det er stadig behov for frivillige i kyrkjalydane til små og litt større oppgåver. Kan du tenkje deg å gje litt av tida di? Kan du vere med å halde kyrkjeskyssen i gong, hjelpe til på Spiren, vere tekstlesar eller vere med i besøkstenesta?

Kontakt kyrkjekontora.



GRAVFERDER

FØRDE KYRKJE

29.04	Björg Hovland	f.1936
02.05	Helga Haaland	f.1937
23.05	Bjarte Sunde	f.1955
12.06	Sigbjørn Martin Tonheim	f.1931
01.07	Astrid Heggheim Osland	f.1959
03.07	Ester-Johanne Sande	f.1956
10.07	Per Ørjan Hartveit	f.1968
22.07	Erik Olav Hallerud	f.1935
22.07	Unni Ramstad	f.1955
24.07	Oddrun Hjelmeland	f.1938
25.07	Liv Jørgensen	f.1932
07.08	Rune Hole	f.1955

FØRDE OMSORGSSENTER, KAPELLET

27.05	Terje Thon	f.1953
-------	------------	--------

HAUKEDALEN KYRKJE

31.07	Sigmund Norvald Årskaug	f.1936
-------	-------------------------	--------

NAUSTDAL KYRKJE

15.05	Åslaug Fitje	f.1930
06.06	Jens Vestrheim	f.1935
13.06	Olav Oddmund Rognebakke	f.1934
19.06	Harald Bjørlo	f.1940
15.07	Vigleik Espe	f.1937
08.08	Aud Kristi Stuhau	f.1951

VEVRING KYRKJE

08.05	Sarah Jean Thingnes	f.1937
03.07	Erling Ragnar Aarseth	f.1938

DØYPTE

FØRDE KYRKJE

27. APRIL
Selma Knapstad Rand
Olav Brede Solvåg
Emilie Øksenberg Nilsen
Døpt i Dale kyrkje

11. MAI
Maria Dobosz Håvik
Leah Vie Savland

1. JUNI
Johannes Bredesen Talsæte
Døpt i Bygstad kyrkje

8. JUNI
Live Hellesøy-Grytten
Matilde Kyte Færø
Ola-Magnus Aslan Skildheim

15. JUNI
Oliver Furnes-Årdal
Zane Arancibia
Adam Ovridd Auro
Døpt i Vangskyrkja
Embla Hafstad Bratten
Lukas Skilbrei Fossheim

22. JUNI
Leah Frøystad Ytredal
Martine Flaten Nondal
Runa Viktoria Wilson

6. JULI
Adam Fureli Lunde
Viljar Matias Aasen

13. JULI
Lars Hallgren Hustveit
Døpt i Østenstad kyrkje

3. AUGUST
Jon Gjøstein Leganger-Hansen
Olivia Kalland Leirgulen
Leona Heimsæter Holme

NAUSTDAL KYRKJE

8. JUNI
Oskar Rysjedal-Vonen
Heli Ikuyo Thomassen Ljungberg

15. JUNI
Ola Johan Vonen Holsen

13. JULI
Elida Indrebø

SUNNFJORD MUSEUM

27. JULI
Håvard Nomeland Dvergsdal
Edvin Sæle Myklebust

VIGDE

FØRDE KYRKJE

14. FEBRUAR
7. JUNI
Vilde Støle Melsom og
Vegard Furevik

21. JUNI
Andrea Rygg Strand og
Magnus Hovland Fimland

28. JUNI
Andrea Flatjord Gjelsvik og
Martin Leknes Nygård
Aleksandra Tefre og
Gert Norvald Hafstad Fluge

NAUSTDAL KYRKJE

7. JUNI
Anette Kvamsås og Arnold Savland

Vi tar berre med namn på døypte
og vigde når det er gitt samtykke
til publisering.

Kom som du er!

Vi har eit stort og breidt treningstilbod
til godt vaksne og seniorar! Du får gratis prøveveke.
Møt oss i resepsjonen vår, 3. etasje på ALTI.
Eller ta kontakt på telefon: **57 82 31 32**.
Sjå vår nettside: pulsforde.no



PULS FØRDE

- Kom som du er!

MOZART REQUIEM

FØRDE KYRKJE 25. OKTOBER KL. 17.00

FLORØ KYRKJE 26. OKTOBER KL. 16.00

PROSJEKTKOR

DIRIGENT: Gro Gunnarson
ORGEL: Erlend Os


SOLISTAR:

Ann Kristin Takle Winterthun - Kristian Havn -
Ellisif Gjestland - Leif Helge Birkeland

VELKOMMEN!

Billettpris: 250,-. Konserten er støtta av NKSF
Arr. Førde kyrkjekor og Naustdal kyrkjekor





Returadresse
Førde kyrkjekontor
Kyrkjevegen 23F
6809 FØRDE

Raude, gule, blå og grønne

I fargerike t-skjorter vrirmlar det av born inne og utanfor Førde barneskule. Det er siste veka før skulestart og det er klart for Vakuumveka til Førde kyrkjelyd.

Tekst og foto: JENNY Ø. SNILDAL

50 born i alderen 7 – 10 år ventar på at klokka skal bli ni og programmet skal begynne. I fargerike t-skjorter vrirmlar det av born inne og utanfor Førde barneskule. Det er siste veka før skulestart og det er klart for Vakuumveka til Førde kyrkjelyd. 50 born i alderen 7 – 10 år ventar på at klokka skal bli ni og programmet skal begynne.

Over 30 born og ungdommar er hyra inn for å ta hand om deltakarane. Nokre er med som leiarar for første gong, medan andre har lang erfaring.

I løpet av fire dagar er det samlingar både i fellesskap og i grupper. Deltakarane får lære om Jesus, lære nye songar og kanskje nye leikar. Det er formingsaktivitet og mykje fri leik under oppsyn av flinke og omsorgsfulle leiarar.

Kvar ettermiddag er det tur i nærområdet og ei gruppe går og badar i terapibassenget.

Ei lita gruppe bakar bollar, til både deltakarar og leiarar. Bollen får den enkelte med seg når dei går for dagen.

Siste dagen er det framsyning for foreldre og besteforeldre i Førde kyrkje, der deltakarane viser fram drama og songar som dei har lært i løpet av Vakuumveka.



Gry Sætre har samling for alle i gymsalen på Førde barneskule.



Fargerik framsyning i Førde kyrkje.



Bollar til alle! Synne Håberg, Malena Gudvangen Skeie, Celine Frøholm Årdal, Una Sofie Vevring og Madelen Hellevang Grande har nok å gjere.